

## Språkrådet

Språkrådet er statens fagorgan i språkspørsmål og er underlagt Kulturdepartementet. Målet for arbeidet i Språkrådet er at norsk skal vere i bruk i alle delar av samfunnslivet også i framtida – og ikkje bli sett til side av engelsk.

- Språkrådet vil gi skuleverket, det offentlege, næringslivet og folk flest tru på at norsk språk duger, og derfor arbeider vi for å auke kunnskapen om norsk språk.
- Språkrådet informerer på nettsidene og i publikasjonane sine om god og rett norsk.
- Språkrådet svarer på om lag 10 000 språkspørsmål på e-post og telefon i året.
- Språkrådet forvaltar rettskrivinga for bokmål og nynorsk og følgjer med på korleis språket utviklar seg.
- Språkrådet godkjenner ordlister og ordbøker i norsk til bruk i skulen.

### Språkrådet

Postboks 8107 Dep

0032 OSLO

Telefon: 22 54 19 50

E-post: [post@sprakradet.no](mailto:post@sprakradet.no)

[www.sprakradet.no](http://www.sprakradet.no)

[www.spraakradet.no](http://www.spraakradet.no)

Framsidedeilete: © iStockphoto  
Utforming: Tank Design  
Trykk: D7 Oslo  
Opplag: 38 000 (2012)



## Ny nynorskrettskriving frå 2012



## Føreord

Gjennom 1900-talet har det vore gjennomført fleire omfattande endringar og reformer i norsk rettskriving. Særleg i første halvdel av det førre hundreåret var tilnærming mellom nynorsk og bokmål eit viktig mål for den offentlege språkpolitikken. Den siste store reforma som var sams for nynorsk og bokmål, var i 1959. I dag skal både nynorsk og bokmål normerast på sjølvstendig grunnlag. Sidan 1959 har det vore nokre mindre endringar i nynorskrettskrivinga, og for bokmål kom det ei rettskrivingsreform i 2005.

Denne brosjyren tek for seg hovudtrekka i den nye rettskrivingsreforma for nynorsk, som gjeld frå 1. august 2012. Reforma var førebudd av ei rettskrivingsnemnd, som i 2010–2011 arbeidde med mandat frå Språkrådet, og eit framlegg var ute på offentleg høyring i 2011. Dette er nokre hovudpunkt i den nye rettskrivinga:

- Skiljet mellom hovudformer (læreboknormalen) og sideformer (klammerformer) i rettskrivinga er oppheva. Alle former er no jamstilte. Det er ikkje lenger noko skilje mellom kva former elevane kan bruke, og kva former som kan brukast i lærebøker for skulen og i statstenesta.
- Bøyingsverket er enklare enn før ved at fleire kategoriar av ord no kan bøyast på berre ein måte.
- Ein del former, både tidlegare sideformer og hovudformer, er tekne ut av rettskrivinga.
- I mange tilfelle blir valfridommen ståande. Ein del sideformer har vorte gjeldande rettskrivingsformer, og nokre få nye former er tekne inn. I reforma er det lagt vekt på å ta vare på former som er i allmenn bruk blant nynorskbrukarar.

*Ei rettskriving og ei norm* tyder i denne brosjyren det same: alle godkjende skrivemåtar i nynorsk. Brosjyren gjer greie for dei største endringane. Mange endringar for enkeltord og mindre ordgrupper er ikkje omtalte her. Difor er det viktig å ha tilgang til oppdaterte ordbøker og ordlister. Rettskrivinga i nettutgåva av *Nynorskordboka* blir oppdatert frå august 2012 ([www.nob-ordbok.uio.no](http://www.nob-ordbok.uio.no)).

Innstillinga *Ny rettskriving for 2000-talet. Innstilling til ny rettskriving for det nynorske skriftmålet* inneheld alle vedtekne endringar med bakgrunn og grunngeving og er tilgjengeleg på nettsidene til Språkrådet: [www.spraakradet.no](http://www.spraakradet.no).

## 1 Hovudtrekk

### Forenkling av systemet – slutt med sideformer

I 1917 vart skiljet mellom hovudformer og sideformer innført i norsk rettskriving. Hovudformene har vore obligatoriske i lærebøker for grunnskulen og den vidaregåande skulen. Skuleelevar har sjølve kunna bruke sideformer.

Med rettskrivingsreforma frå 2012 er skiljet mellom hovudformer og sideformer oppheva i nynorsk, som det vart for bokmål i 2005. Det vil seie at alle formene i rettskrivinga er jamstilte. Nynorskrettskrivinga har dermed fått eit system med berre eitt normnivå.

### Norm på sjølvstendig grunnlag

Målet for den nye nynorskreforma har vore å få ei tydeleg, enkel og dessutan stabil norm. I vurderinga av kva for nokre valfrie former som skulle vere med i den nye norma, er det lagt stor vekt på kva former som har festa seg i skrift. Det er ikkje lagt avgjerande vekt på kva dialektgrunnlag formene har, og heller ikkje på om dei har vore hovudformer eller sideformer tidlegare. Mange valfrie former blir ståande fordi dei viser samsvar med dialektane, og fordi dei har vorte viktige i skrifttradisjonen. Dermed kan dei fleste nynorskbrukarar halde fram med å skrive slik som dei er vane med, og som dei har lært.

Det er særleg gjort innstrammingar i bøyingsverket. Det tradisjonelle i-målet (*solli, fjelli*) går ut av substantivbøyinga. Det blir mindre valfridom enn før i verbøyinga, ikkje minst i preteritum av svake verb, og det same gjeld samsvarsbøyinga av perfektum partisipp. Og nokre få nye former er tekne inn i norma når det har vist seg at dei er i faktisk bruk i nynorsk.

## 2 Lydverket

Mykje av valfridommen i skrivemåten av ord blir ført vidare i den nye rettskrivinga. Dels gjeld det ord som tidlegare hadde to hovudformer (som *fyrst/først, skole/skule* og *løn/lønn*), dels blir tidlegare sideformer jamstilte med hovudforma (som *bytte [bøtte]*, *sølv [sylv]* og *enkje [enke]*). Det blir òg mange eineformer, ikkje minst for ord med diftong.

## Vokalar

Mange ord har hatt veksling mellom to vokalar. Oversikta nedanfor er gruppert etter dei valfrie formene slik dei var i siste gjeldande rettskriving.

**y og ø:** Mange ord får valfridom, t.d. *bytte/bøtte, fyrst/først, lyfte/løfte, nykel/nøkkel, sylv/sølv, sysken/søsken, syster/søster, ynske/ønske*.

**o og u:** Det blir valfritt *skole/skule, sommar/sumar, stove/stue*. Merk at det no skal vere berre *-o-* i *somme, mogleg/mogleg* [[*muleg*] går ut], *boble*.

**o og å:** Det skal no berre vere *-o-* i *drope, tolmod, tole* og berre *-å-* i substantiva *flåte, bråte*.

**a og e:** Det blir valfritt *anten/enten*. Verbet *henge* skal berre ha *-e-*.

**a og o:** Fleirtal av *barn* skal framleis ha valfritt *barn/born*. Berre *-a-* har vi no i *haldning, vald, trapp*.

**a og å:** Det er valfritt med *klar/klår, forklare/forklære*. Verbet *måle* ('stryke farge på') og avleiingane (*kunst)målar, (olje)måling* skal berre skrivast med *-å-*, som verbet *måle* 'ta mål av'.

**e og i:** Talordet *tre* ('3') skal no berre ha *-e*. Ord som *jamstille, likestilling, problemstilling* skal no berre ha *-i-* [*jamstelle* osb. går ut, det same gjer *føre-stelle*, som var eineform].

**e og æ:** Her er tidlegare valfridom endra til anten *e* eller *æ*. Ord med berre *e:* *seter, skremme*. Ord med berre *æ:* *hær, særleg, særpreg* osb.

**jo og y:** Valfridommen *ljøs/lys* og *ljod/lyd* blir ståande.

**Diftongar** blir obligatoriske i mange ord som før har hatt skrivemåte med monoftong anten jamstilt eller som sideform. No er formene: *draum – drøyme, flaum – fløyme, straum – strøyme, gløyme, gøyme, køyre, høyre, røyst, trøyst, døy, (verk)tøy*. Ein del vanlege ord har framleis valfridom mellom diftong og monoftong: *laup/løp, naud/nød, dauv/døv, lauk/løk*.

## Konsonantar

Mange ord kan framleis skrivast valfritt med enkel eller dobbel konsonant. Det gjeld mange ord med **m:** *kome/komme, ungdomen/ungdommen, medlemmer/medlemmer, døme/dømme, herredøme/herredømme*. Berre dobbel *m* i desse bøyingsformene: *tomme, rommet*.

Det skal vere valfritt enkel eller dobbel **n** i desse: *ven/venn, bøn/bønn, løn/lønn, skjøne/skjønne*. Berre dobbel *n:* [*ut*]danne.

Nokre ord med **k** og **t** skal ha valfridom mellom enkel og dobbel konsonant: *kjøken/kjøkken, lok/lokk, kjøt/kjøtt, utbyte/utbytte*.

## Valfri j

Verb og svake hokjønnsord med stamme som sluttar på *g* eller *k*, får valfri *j* etter *g* og *k*. Skrivemåten med *j* har lengst tradisjon og har oftast vore hovudform ved sida av ei nyare sideform utan *j*. No blir det full valfridom.

Substantiv: ei *rekkje/rekke*, ei *bryggje/brygge*, ei *slyngje/slynge*

Verb: å *leggje/legge, liggje/ligge, ringje/ringe, tenkje/tenke, ønskje/ønske* eller *ynskje/ynske*

I tillegg til verba med stamme som endar på *g* og *k*, gjeld det verba *setje/sette, sitje/sitte*.

Unntak: Nokre tradisjonelle former skal framleis ha obligatorisk *j:* *fylgje, syrgje, lægje, tægje*. Merk at skrivemåten med *ø* skal ha valfri *j:* *følgje/følge, sørgje/sørge*.

## 3 Substantiv

### Hokjønnsord

Bøyinga blir forenkla for dei store gruppene av hokjønnsord ved at endingane som har vore sideformer, går ut. Sterke hokjønnsord skal ha bunden form eintal på *-a:*

ei skål – skåla – skåler – skålene  
(før: ei skål – skåla [skåli] – skåler – skålene)

Svake hokjønnsord skal berre ha endingane *-er* og *-ene* i fleirtal. Ubunden form eintal på *-a* (*ei sida*) går òg ut. Sterke og svake hokjønnsord får no lik bøying:

ei side – sida – sider – sidene  
(før: ei side [sida] – sida – sider [sidor] – sidene [sidone])

I gruppa av hokjønnsord som tradisjonelt har hatt fleirtal på *-ar* og *-ane* som hovudform og *-er* og *-ene* som sideform, blir dei to endingane valfrie:

ei elv – fleire elvar/elver – elvane/elvene  
(før: elvar [elver] – elvane [elvene])

## Hankjønnsord

For dei fleste hankjønnsord blir bøyinga uendra, med fleirtal *-ar* og *-ane*.

I gruppa av hankjønnsord som tradisjonelt har hatt fleirtal på *-er* og *-ene* som hovudform og *-ar* og *-ane* som sideform, blir dei to endingane valfrie:

ein gjest – gjesten – gjester/gjestar – gjestene/gjestane  
(før: gjester [gjestar] – gjestene [gjestane])

Hankjønnsord på *-nad* og *-a* får òg fritt val mellom *a*-fleirtal og *e*-fleirtal:

ein søknad – søknaden – søknader/søknadar – søknadene/søknadane  
(før: søknader [søknadar] – søknadene [søknadane])  
ein sofa – sofaen – sofaer/sofaar – sofaene/sofaane  
(før: sofaer [sofaar] – sofaene [sofaane])

## Inkjekjønnsord

Bøyinga blir forenkla for inkjekjønnsorda ved at bunden form fleirtal berre skal ha endinga *-a*, mens sideforma går ut:

eit fjell – fjellet – fjell – fjella  
(før: eit fjell – fjellet – fjell – fjella [fjelli])

Dette gjeld òg tostavingsord som *eple* (før: *epla*/[*epli*]). *Auge/auga*, *hjarde/hjarta* og *øyre/øyra* skal som før ha to bøyingmønster. I tillegg til det regelrette mønsteret, som for *eple*, kan dei bøyast slik:

eit auga – auga – augo – augo

## Andre endringar i substantiv

Inkjekjønnsord på trykklett *-er* får regelrett bøying. Samandregne former går ut:

eit teater – teateret – teater – teatera  
(før: eit teater – teateret/teatret – teater – teatera/teatra)

Mange importord frå gresk og latin får berre regelrett bøying:

eit leksikon – leksikonet – leksikon – leksikona  
(før: eit leksikon – leksikonet – leksikon/leksika – leksikona/leksika(a))  
eit tema – temaet – tema – temaa  
(før: eit tema – temaet – tema – temaa/tema)

Mange ord med suffikset *-skap* som berre har vore hankjønnsord, får valfritt hankjønn eller inkjekjønn. Det gjeld ord som har eit substantiv som førsteledd, t.d. *bodskap*, *meisterskap*, *medlemskap* og *forfattarskap*:

ein meisterskap – meisterskapen – meisterskapar – meisterskapane  
*eller*: eit meisterskap – meisterskapet – meisterskap – meisterskapa  
(før: ein meisterskap – meisterskapen – meisterskapar – meisterskapane)

## 4 Verb

### Infinitiv

Som før er det valfritt å bruke *a*-infinitiv eller *e*-infinitiv:

å oppdage/oppdaga, å hoste/hosta

Ein kan òg bruke kløyvd infinitiv, det vil seie systemet med *e*-infinitiv i dei fleste verb og *a*-infinitiv i ei rad verb. Denne infinitivstypen høyrer heime i dialektar i Trøndelag og på Austlandet, men i skrift må ein halde seg til den fordelinga av endingar som står i innstillinga til ny rettskriving og i rettskrivingsordlister.

### Sterke verb

Sterke verb får enklare bøying ved at sideforma på *-er* i presens går ut og likeins supinum (forma etter *har*) på *-i*:

å lese – les – las – har lese  
(før: å lese – les [leser] – las – har lese/lesi)  
å sove – søv – sov – har sove  
(før: sove – søv [søver] – sov – har sove/sovi)

## Svake verb – ending i preteritum

Den store gruppa a-verb får uendra bøyning:

å hoste – hostar – hosta – har hosta

Mange fleire av e-verba og j-verba får no berre éi bøyning fordi det er skore ned på valfridommen i preteritum. Endingane fordeler seg no slik:

### Preteritum på *-te*:

E-verb med stammeutgang på *f, l, s, k, p, t* eller *r* (konsonantane i FLASKE-POSTAR) skal ha endinga *-te* i preteritum. Det same gjeld e-verb med stammeutgang på vokal + *n*:

delte, viste, kjøpte, signaliserte, lærte, førte, meinte, syntte, tente

### Preteritum på *-de*:

E-verb med stammeutgang på vokal eller på *d, g* eller *v* (konsonantane i V-DAG) får endinga *-de* i preteritum:

arbeidde, sende, bygde, ringde, trudde, greidde, levde

Nokre slike kunne før òg ha *-te* som sideform eller hovudform ([*sendte, ringte*]).

E-verb med diftongen *øy* i rota får *-de*, og dei fleste j-verb får òg *-de*:

drøymde, løynde, hørde og telje – talde, smørje – smurde

### Preteritum på valfritt *-de* eller *-te*:

Verb med stammeutgang på *-m(m)* og *-enn* får valfritt *-de* eller *-te*:

skremde/skremte, brende/brente

## Ending i supinum: *-t* eller *-d/-t*

Dei fleste svake verb utanom a-verba endar på *-t* i supinum, dvs. forma etter *har*: *har kjøpt, har selt*. Nokre grupper har valfri ending *-d* eller *-t*:

Verb der stammen endar på vokal:

nå – nådd/nått, tru – trudd/trutt, greie – greidd/greitt

Verb der stammen endar på *-d, -g* eller *-v* etter vokal:

arbeide – arbeidd/arbeidt, byggje/bygge – bygd/bygt, leve – levd/levt

Verb med stammeutgang på *-d* og kort eller lang form i infinitiv:

be/bede – bedd/bedt

## st-forma av verb

Refleksiv- og passivforma skal no berre ende på *-st*:

å snakkast, å slåst  
(før: å snakkast [snakkas], å slåst [slåss])

## Nokre enkeltverb

I bøyninga av desse verba er det større eller mindre endringar. No er bøyningane slik:

å få – får – fekk – har fått  
å gå – går – gjekk – har gått  
å slå – slår – slo – har slått/slege  
å stå – står – stod – har stått  
å eige – eig – åtte – har ått *eller* eigde – har eigd/eigt  
å dra/drage – dreg – drog – har drege *eller* å dra – drar – drog – har dradd/dratt  
å ta/take – tek – tok – har teke *eller* å ta – tar – tok – har tatt  
å la/late – lèt – lét – har late *eller* å la – lar – lét – har latt  
å leie – leier – leidde – har leidd/leitt *eller* å leie – leiar – leia – har leia



## 5 Adjektiv

I store trekk skal adjektiva bøyast som før, men det er nokre endringar for store grupper av ord.

Adjektiv som endar på *-leg*, får denne endinga som eineform:

ein vanleg dag  
(før: ein vanleg [vanlig] dag)

Adjektiv med ending på *-et/-ete/-ut* skal no berre ha endinga *-ete*:

ei rutete skjorte  
(før: ei rutet/rutete/rutut skjorte)

Adjektiv som endar på trykklett *-en*, får denne bøyinga:

ein open port – ei open dør – eit ope/opent hus – opne dører  
(før: ein open port – ei open [opi] dør – eit ope/opi/[opent] hus – opne dører)

## 6 Samsvarsbøying av perfektum partisipp

Perfektum partisipp skal bøyast i kjønn og tal når det står som eit adjektiv framfor eit substantiv (i attributiv stilling). Døme med eit sterkt verb og tre svake:

ein lesen roman – ei lesen bok – eit lese brev – lesne dokument  
ein lånt sum – ei lånt bok – eit lånt beløp – lånte bøker  
ein gløymd pakke – ei gløymd sak – eit gløymt brev – gløymde saker  
ein nybygd villa – ei nybygd bu – eit nybygd/nybygt hus – nybygde hus

Når perfektum partisipp av sterke verb står etter verba *vere*, *verte* og *bli* (i predikativ stilling), skal dei bøyast i samsvar med subjektet:

romanen/boka er lesen – brevet er lese – dokumenta er lesne

Perfektum partisipp av svake verb kan bøyast i predikativ stilling, eller det kan stå ubøygd. Bøygd partisipp – merk at fleirtalsforma er lik preteritum av verbet:

han/ho/det er lånt – dei er lånte  
han/ho er gløymd – det er gløymt – dei er gløymde  
han/ho er nybygd – det er nybygd/nybygt – dei er nybygde

Dersom ein vil la partisippet stå ubøygd, skal det ha same form som supinum (forma etter *har*):

han/ho/det/dei er lånt, gløymt, nybygd/nybygt

## 7 Andre endringar

Formene *hennar*, *deira*, *annan* og *nokon* blir eineformer, sideformene [*hennes*], [*deires*], [*annen*] og [*noen*] går ut. Pronomenet *han* skal vere både subjeksform og objektsform, objektsforma *honon* går ut. I andre person fleirtal kan vi som eit alternativ til *de* – *dykk* no bruke *dokker* som både subjeks- og objektsform. Døme på tradisjonell og ny form:

Har de hugså å ta med dykk sakene dykkar?  
Har dokker hugså å ta med dokker sakene dokkar?

I preposisjonar og adverb blir no former som *innanfor* og *utanfor* eineformer. Tidlegare former utan *n*, *innafor* og *utafor*, går ut av rettskrivinga.

Endringar for nokre småord:

no/nå, so/så, berre, mykje  
(før: no [nå], så [so], berre [bare], mykje/mye)

## Ny rettskriving – nytt nynorskkurs

På nettstaden til Språkrådet ligg eit nytt kurs i nynorsk for skuleelevar. I tillegg finst det to interaktive øvingsrom med oppgåver i nynorsk grammatikk og rettskriving: eitt for skuleelevar og eitt for offentleg tilsette. I den nye rettskrivinga er grammatikken lik for alle, men innhaldet av tema i øvingsromma er tilpassa dei to målgruppene. Også andre vil ha nytte av kurset og øvingane.